

Rådmannens vurdering av innkomne høringsuttaler og merknader til planforslaget

*Ikkje alle merknadene er justert til nynorsk

Avsendar	Oppsummering:	Rådmannens vurdering:
Statens vegvesen, datert 20.11.2023 (1)	Viser til at det nye planforslaget har fortsatt manglande konsekvensutgreiing for SVVs fagområde, samt naudsynte rekkefølgekrav som sikrar riktige avbøtande tiltak på Rv. 7. Viser elles til SVVs uttale datert 25.05.2023 for meir detaljerte merknader.	Administrasjonen har etter SVVs merknader/motsegn datert 25.05.2023 gjort endringar i planforslaget m/ tilhøyrande konsekvensutgreiing. SVV oppretthald likevel alle motsegn slik planen føreligg no.
Statens vegvesen, datert 04.12.2023 (2)	<p>Viser til at kommunen har supplert plandokumenta etter første gongs offentleg ettersyn, og SVV anser ikkje suppleringsane til å tilfredsstille krav til konsekvensutgreiing.</p> <p>SVV etterspør vurdering og dokumentasjon på om kryss og avkjørslar, nye som gamle kan betene ny- og eksisterande trafikk innanfor vegnormalenes krav til utforming. Vidare ber de om dokumentasjon på kva som eventuelt skal til av tiltak for å kunne godkjenne ny eller økt bruk. Dokumentasjon må vere i form av plan og profil av kryssutforming dersom trafikkanalyse viser blant anna fleire og nye svingebevegelsar som kan gi behov for forlenging av svingefelt, utviding i sidearm eller andre endringar i utforming av kryss og åtkomstar. Eit etablert kryss på Rv. 7 kan vere anlagt med begrensa moglegheiter for tilpassingar i tråd med krav i vegnormalene for auka bruk.</p> <p>Dersom nye areal, eller utvida bruk av eksisterande areal skal kunne avklarast for vårt fagområde, krevjast dokumentasjon på at kryss og åtkomstløysingar kan tilpassast til ny eller utvida bruk. Meirskapt transportbehov kan gi andre dimensjoneringskriterie som grunnlag for kryss- og åtkomstutforming i tråd med vegnormalene. Å vidareføre rekkefølgekrav frå planar for mindre område i gjeldande planverk er ikkje dokumentasjon som er tilstrekkeleg for å kunne fastslå om nye tilgrensa område kan nytte eksisterande kryss. Det kan vere andre løysingar og utforming av kryss for at økt trafikk gjennom kryss kan skje på kryss- og åtkomstløysingar i tråd med vegnormalene.</p> <p>Viser til at det er forslagsstillar som skal bere kostandene ved å utarbeide konsekvensutgreiing og har ansvar for at opplysningane som gis offentleg mynde er riktige og etterprøvbare. Dersom avbøtande tiltak er ein føresetnad for å gjennomføre</p>	<p>Rådmann er overraska over detaljnivået SVV forventar på KPA nivå. SVV har ikkje under møte i regionalt planforum antyda at dei forventar trafikkanalyse for planforslaget. Slik Rådmann ser det så er det ikkje det som er lagt inn i planforslaget (hverdagskøyning) som kan skapa problema for trafikken på Rv. 7 med tilhøyrande kryss. For nye avkjørslar på Rv 7. v/ Busemoen er det krav om reguleringsplan og det er naturleg at kryssutforming planeggjast under detaljregulering og ikkje på KPA nivå. Rådmann vil elles vise til KPA Gol som låg ute til fyrste gangs offentleg ettersyn i 2021, her hadde SVV ingen motsegn, sjølv om dei har lagt inn vesentleg fleire nye område.</p> <p>Rådmann tilrår at Ål kommune går til mekling med SVV da kravet på detaljnivå i KPA for det som er lagt inn no er urimeleg.</p> <p>Viser til elles til Rådmannens vurdering av SVVs høringsuttaler etter første gongs offentleg ettersyn, og desse vurderingane:</p> <p>1. Punkt 2 c) NÆ07 – Kleivi: «Statens vegvesen har</p>

	<p>kommuneplanen må tiltaka sikrast gjennomført i tilknytning til realiseringa av kommuneplanen.</p> <p>Plan og bygningslova avgrensar moglegheita til å fremme motsegn til forhold som det tidligare kunne vore fremma motsegn til. SVV kan difor ikkje kome med motsegn til utbyggingsområder som følge av at kryss og åtkomstar på eit seinare planstadium viser seg å ikkje kunne etablerast i tråd med vegnormalene. Av denne grunn må forholdet til veglova og underliggjande vegnormaler konsekvensutgreiast, avbøtande tiltak og løysingar dokumenterast og avklarast og sikrast gjennomført i kommuneplanen.</p>	<p><i>innsigelse begrunnet i manglede konsekvensutredning og sikring av gjennomføring av nødvendige tiltak på Rv.7.</i>» NÆ07 er teke ut av planforslaget.</p> <p>2. I punkt 2 d) så blir det nemnt eit nytt område for fritidsbustader. Det er ikkje satt av nye områder for fritidsbustader, det er områder som ligger inne i den noverande arealdelen og er difor allereie vurdert ifht. Rv. 7 i den gjeldande planen.</p> <p>3. Punkt 2 g) «Statens vegvesen har innsigelse begrunnet i manglende konsekvensutredning.». Området B53 er i gjeldande KPA satt av til offentlig og privat tenesteyting, i det nye planforslaget er det satt av til framtidige bustader. Området består i dag av eksisterande bustader og det er ikkje planlagt nye bustader i området.</p> <p>4. Punkt 2 h) «Statens vegvesen har innsigelse begrunnet i manglende konsekvensutredning.». Det er her snakk om ein enkelt bustadtomt.</p> <p>5. Punkt 3: «Planbestemmelsen §4.1 Reguleringsplaner som skal gjelde foran kommuneplanen. I denne bestemmelsen må også inngå reguleringsplaner som sikrer framføring og forvaltning av Rv.7. Kommuneplanen ivaretar ikke hensynet til framkommelighet og forvaltning av Rv. 7. Statens vegvesen har innsigelse.» Planføresegna til planforslaget legg opp til at alle andre reguleringsplanar gjeld så lenge dei ikkje er i strid med KPA, og på den måten er Rv. 7 ivareteke, jf. føresegna § 1.1.1.</p>
--	---	---

		<p>6. Punkt 4 a): «Statens vegvesen har innsigelse begrunnet i manglende lokaliserings- og omfangskriterier for spredt bebyggelse». Område for spreidd bustadbygging er i planforslaget begrenset til konkrete områder og omfanget av tal nye bustader er listet opp i føresegn § 2.4.4.</p> <p>7. Punkt 4 b): «Spredt bebyggelse med 450 mulige boligenheter og 300 fritidsboliger i løpet av planperioden strider mot statlige planretningslinjer for samordnet bolig- areal og transport. Slik utbygging er heller ikke konsekvensutredet, jfr. pkt. 1). Statens vegvesen har i tilfelle innsigelse.» Her har SVV misforstått. Det er snakk om 37 einingar (29 i 2. høyringsforslag) over ein 12 års periode, ikkje kvart år. Når det gjeld desse 25 spreidde fritidsbustadene (totalt på 12 år) så er dette føresegnet berre vidareført frå gjeldande plan da vi i denne omgangen reviderer alt utanom fritidsbustader.</p> <p>8. Punkt 4 c): «Dersom planbestemmelsen ikke videreføres anses det at lokaliserings- og omfangskriterier for spredt bebyggelse ikke er oppfylt. Adkomster fra spredt bebyggelse i sonen langs Rv. 7 strider mot fylkesdelplan for byggegrenser og avkjørsler. Adkomster til spredt bebyggelse fra denne sonen mangler konsekvensutredning for vårt fagområde. Statens vegvesen har innsigelse.» Føresegnet er etter merknad 25.05.2023, vidareført i planforslaget i føresegna § 2.</p>
--	--	---

<p>Statsforvaltaren i Oslo og Viken, datert 20.11.2023</p>	<p>SFOV meiner det er positivt at det er føreslått å ta ut fleire område som de hadde motsegn til ved 1. gongs høyring av arealdelen i sumar. Mellom anna er alle nye torvuttak som var lagt inn i planen tatt ut. Det er også føreslått nye arealendringar og justeringar av tidlegare byggjeområde. Etter ein ny gjennomgang av forslaget har vi følgjande motsegn ut frå nasjonale og viktige regionale interesser:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Opning for 25 nye hytter innafor LSF B – områda: SFOV viser til merknad/motsegn i høyringsuttalen datert 1. juni 2023: <i>«Det er opna opp for bygging av nye fritidsbustader og utviding av desse i område som er avsett til eksisterande LNF-område for spreidde fritidsbustader – LSF B-område. I føresegna § 2.4.5.2 er det opna for bygging av 25 nye hytter på frådelte tomter. Sedan desse tomtane ikkje er konsekvensutgreidd, kan vi ikkje vurdere desse ut frå våre interesser. Vi må derfor fremme motsegn til dette føresegnet, vi viser til krav om utgreining av konsekvensar for alle nye områdar og føresegn som resulterer i ny utbygging frå gjeldande plan. Kommunen må enten ta bort denne moglegheita, eller greie ut konsekvensane for dei aktuelle tomtane.»</i> 2. Opning for utviding av hytter innafor LSF A – områda: SFOV viser til merknad/motsegn i høyringsuttalen datert 1. juni 2023: <i>«Har motsegn til føresegn 2.4.5.5 som opnar for utviding av fritidsbustader i LSF A-område. Dette er areal som ligg på snaufjellet og andre visuelt sårbare område. Her er det opna opp for utbygging med ei utnytting på til saman 186 m2 BYA. Verknaden av ei slik føresegn må også ut før vi kan ta stilling til dette ut frå våre interesser. Vi vil likevel ikkje anbefale ei slik opning med utgangspunkt i at dette gjeld spesielt sårbare område høgt til fjells, mellom anna areal som ligg innafor villreinens leveområde. Vi vil tru at dette likevel gjeld eit avgrensa tal på hytter og at søknad om utviding av hytter kan behandlast som dispensasjon frå kommuneplanen. Vi vil vise til at kommuneplanen skal vere grovmaska og at det ikkje bør regulerst i detalj i ei overordna plan.»</i> 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Merknaden gjeld fritidsbustader og er difor ikkje ein del revideringa som gjerast no. Føresegnet er vidareført frå gjeldande plan. Administrasjonen har hatt eit uformelt møte med SFOV i samband med motsegna til planforslaget og dei var tydeleg på at dei ikkje kom til å endre på dette motsegnet sjølv om det gjeld fritidsbustader. Rådmann tilrår Ål kommune til å gå til mekling evt. dialogmøte med SFOV på dette punktet. 2. Merknaden gjeld fritidsbustader og er difor ikkje ein del revideringa som gjerast no. Føresegnet er vidareført frå gjeldande plan. Rådmann innstiller difor på at Ål kommune går til mekling evt. dialogmøte med SFOV på dette punktet. 3. Rådmann tilrår å ikkje ta ut LSB40 av planforslaget. Innspelet har kome frå administrasjon/grunneigar og området er eit av tre områder for spreidd bustadbygging i Votndalen. 4. Området ligg ikkje innafor aktsemdsområde for flaum eller jord og flaumskred. Rådmann tilrår at LSB53 ikkje tas ut av planforslaget. 5. Rådmann har vurdert NÆ06 til å ikkje vere i konflikt med viktige natur og miljøomsyn. Området er i dag ein mindre kunstig dam, samt at veggen ut til pumpehus er forbetra og denne går heilt ut mot vasskanten til «holet». Det at det er registrert

	<p>Motsegn til konkrete areal:</p> <p>3. LSB40: LSB40 er vidareført i planframlegget. Det omfattar om lag 27 dekar. Av dette er 15 dekar dyrka jord (innmarksbeite). Arealet grensar til store samanhengande areal med dyrka jord (fylldyrka og innmarksbeite). SFOV meiner at omdisponeringsomfanget og presset som området vil representere på dei kringliggjande jordbruksareala, ikkje vil vere i samsvar med dei nasjonale jordvernmåla. SFOV meiner vidare at eventuelle attraktive desentraliserte tomteområde må plasserast med sikte på å unngå omdisponering av jordbruksareal og press på kringliggjande jordbruksområde. Med dette som bakgrunn finn SFOV ikkje grunnlag for å trekke motsegna mot LSB40.</p> <p>4. LSB53: Til saman er det opna opp for 29 bustadtomter i planperioden fordelt på 9 områder. Når det gjelder LSB53 så meiner SFOV at plasseringa av denne er uheldig. Vassdraget Lya ligg ca. 40 meter frå det nye feltet og ein sideelv til vassdraget går tett på område. Av omsyn til interesser knytt til vassdrag, meiner SFOV at det er uheldig å opne opp for 3 bustadtomter her, og viser til fare for flaum og allmenne interesser knytt til vassdragsbeltet. SFOV legg også vekt på at område ligg langt frå både Torpo og Sundre utan tilbod for gåande og syklande. I tillegg er det ein markert åsrygg her i dag som vil krevje store terrengingrep for å kunne legge til rette for nye tomter. SFOV viser til plan- og bygningslova § 1-8 kor det er fastsett at det i 100-metersbeltet langs vassdrag skal tas særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og ålmenne interesser. I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging frå 2023 forventast det at kommunane vurderer arealbruken langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tar særlege omsyn til desse verdiane. Ut frå ei samla vurdering fremmar SFOV derfor motsegn til LSB53.</p> <p>5. NÆ06: Viser til merknad/motsegn i høyringsuttalen datert 1. juni 2023: <i>«Innspeil NÆ06 er eit lite areal med ein dam som delvis skal fyllast igjen. I konsekvensutgreiinga står det at dammen er eit hol som vart grove opp under anleggsperioden på 60-talet og som no er fylt med vatn. Vidare står det at den</i></p>	<p>fiskeørn på matsøk gjeld vel for heile Strandafjorden og ikkje konkret for dette «holet». Rådmann tilrår at NÆ06 ikkje tas ut av planforslaget.</p> <p>6. Statsforvaltaren i Oslo og Viken klagar på Ål kommunes vedtak om å gi dispensasjon til tenestebustad på Bergsjøstølen. Villreinnemnda for Nordfjella var ikkje negativ til dispensasjonen da dei ikkje kunne sjå at tiltaket vil vere negativt på villreinen. Statsforvaltaren i Innlandet handsama klagar og ga SFOV medhald. I sakshandsaminga oppfordra Statsforvaltaren i Innlandet å avklare bruken i overordna plan, dette er no gjort. Bergsjøstølen ligg i snau fjellet og er ofte utsatt for dårleg ver. Ein tenestebustad vil kunne sikre at tilsette kjem seg på jobb. Rådmann kan elles ikkje sjå at tiltaket vil ha ein negativ påverknad. Rådmann tilrår at FTU20 ikkje tas ut av planforslaget.</p> <p>7. Gang- og sykkelveg mellom Torpo kyrkje og Torpo næringspark er i dag under oppføring. Det vil vere naturleg at det gjennomførast ein naturkartlegging av området ved detaljregulering.</p> <p>8. Rådmann er einig i SFOVs vurdering når det gjeld det gamle myrjorduttaket i Heggetonlie og tilrår difor å endre arealformål til LNF</p>
--	--	--

kunstige dammen har relativt låg verdi, då den ligg inne i eit godt etablert industriområde, og utfyllinga utgjer ein mindre del av samla areal av dammen/våtmarksområdet. Ut frå kart ser det ut til at tangen ut mot elva er flaumpåverka og at det er mykje våtmark her. Det er også registrert viktig naturmangfald her, mellom anna fiskeørn (matsøk) som er ein truga art og vurdert som sårbar i Noregs raudliste for artar 2021. SFOV fremjar derfor motsegn til forslaget NÆ06 om å utvide næringsområdet ut i denne dammen. SFOV viser til plan- og bygningslova § 1-8 kor det er fastsett at det i 100- metersbeltet langs vassdrag skal tas særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging frå 2019 forventast det at kommunane vurderer arealbruken langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tar særlege omsyn til desse verdiane.»

6. FTU20:

Det er lagt inn eit areal på ca. 2,5 daa som ønskast endra frå LNF til fritids- og turistføremål. Det går fram av konsekvensutgreiinga at grunneigar ynskjer å kunne bygge tenestebustad til dei tilsette ved Bergsjøstølen fjellstugu. Det er tidlegare søkt om dispensasjon for dette, men denne ble avslått etter klagebehandling hos Statsforvaltaren. Det ble mellom anna vektlagt at arealbruken måtte avklarast gjennom overordna plan.

Området ligg om lag 1100 meter over havet i eit eksponert landskap ved Bergsjøen og i randområdet til villreinen på Nordfjella. SFOV er einig i at det er riktig å vurdere eit slikt arealinnspel i samband med rulleringa av arealdelen. SFOV meiner likevel det ikkje er riktig å opne opp for meir utbygging i dette området av omsyn til det opne fjell-landskapet og ålmenne interesser knytt til dette. Det aktuelle arealet ligg i eit eksponert område kor fjernverknaden vil bli store. Sjølv om ei tenestebustad for dei tilsette ved Bergsjøstølen ikkje vil føre til ein stor negativ verknad for reinen på Nordfjella, så vil likevel ei utbygging her bidra til ei bit-for-bit-utbygging som på sikt vil vere negativt. Vidare ligg det aktuelle arealet innafor ein naturtype med kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra, som er kartlagt etter NiN-metodikken i 2021. Naturtypen er regnet som nær trua (NT) og lokaliteten har moderat kvalitet. SFOV meiner at areal over tregrensa skal vere eit restriktivt areal for utbygging og ut

frå ei samla vurdering fremjar SFOV derfor motsegn til område FTU20. SFOV viser mellom anna til regional plan for areal og transport i Buskerud frå 2018, kor det står at det ikkje skal byggast over tregrensa. SFOV vil difor rå til at det sjåast på alternativ, til dømes i form av utviding av dagens fjellstugu.

Vurdering av nye arealendringar:

7. B50 – Lya:

Området låg inne som eit LNF-område for spreidd bustadbygging ved 1. gangs høyring av planen kor det var opna for 8 nye einingar. Dette er no endra til eit ordinært byggeområde for bustadbygging. Arealet er på 158 daa og ligg i underkant av 2 km frå Torpo sentrum. Området ligg for seg sjølv og bryt med prinsippet om at byggje innanfrå og ut. Likevel ligg området i gang- og sykkelavstand til Torpo sentrum med tilhøyrande sentrumsfunksjonar. SFOV har ut frå dette ingen motsegn til forslaget, men vil presisere viktigheita av at det må etablerast ein trafikkisikker gang- og sykkelveg inn til sentrum før det kan akseptast nye bustader her. Det er regulert for dette langs Torpovegen i dag, men denne er ikkje opparbeida ennå (planen ar av nyare dato). Gjennom utarbeiding av reguleringsplan bør det også stilles krav til kartlegging av naturmangfald. Det er få registreringar i området i dag og det som ligg inne er gamalt. Vidare blir forholdet til vassdraget Lya viktig å avklare. SFOV vil komme tilbake til desse problemstillingane i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området.

8. RU54 – Heggetonlie:

Det er lagt inn eit nytt areal på ca. 72 daa som ei utviding av eksisterande masseuttak og torvuttak i området. Det har vore teke ut masser her i lang tid som har blitt brukt på tilhøyrande veger og fjellvegar, og det er ynskje om å vidareføre dette, samt ta ut sand for tilslag i matjordproduksjonen i bygda. I konsekvensutgreiinga går det fram at det er registrert ein lokalitet med naturtypen bjørkeskog med høgstauder og rik sumpskog i den vestlege delen av området, samt ein liten del av grunn myr. SFOV kan ikkje finne noko informasjon om dette i vår kartinnsynsløysning, men vil generelt rå i frå å ta i bruk myr og våtmark til utbygging. SFOV meiner derfor det er positivt at arealinnspelet er redusert i storleik for å vareta desse verdiane.

	<p>Når det gjeld viktig naturmangfald i området, så ser SFOV at det er gjennomført ei kartlegging etter NiN metodikken i år. Data frå dette arbeidet vil bli presentert snart og vil være eit viktig kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av reguleringsplan for uttaket. SFOV vil derfor komme tilbake til denne problemstillinga når området skal regulerast.</p> <p>Når det gjeld det gamle torvuttaket som ligg aust for vegen, ser vi at det er ei eldre plan for dette området frå 2002. Sidan torvuttaket blir omtalt som eit tidlegare myrjorduttak, legg vi til grunn at det ikkje lenger er drift her. I føresegna til reguleringsplanen står det at området skal vere avslutta og rydda innan 2007. SFOV meiner derfor området bør endrast tilbake til LNF-område i tråd med planen.</p>	
<p>Viken fylkeskommune, datert 05.12.2023</p>	<p>Fylkesutvalet vil gje ros til Ål kommune for arbeidet med arealdelen. Fylkeskommunen meiner det er arbeida godt og systematisk opp mot vedtekte arealstrategiar, prioritering av næring og levande grender i denne kommuneplanrulleringa.</p> <p>Fylkesutvalet meiner kommunen kan sjå motsegna frå Viken fylkeskommune, som vart fremma ved fyste høyring av arealdelen som løyst, med dei grepa som er gjort ved 2. gongs høyring.</p> <p>Fylkesutvalet oppmodar Ål kommune til å prioritere bustads attraktivitet høgt i det vidare arbeidet. Godt omsyn til nærturterreng, trygg skuleveg, kulturlandskap og naturverdiar er med på auka attraktivitet i bumiljø, enten det er bustader i grender eller tettstader.</p> <p>Fylkesutvalet oppmodar Ål kommune til å bruke føresegner for kva typar næring som kan etablerast kor. Det gjev moglegheit for lokalisering av næring på rett stad for å bygge oppunder tettstads- og sentrumsområde og avgrense konflikhtar mellom næring og omsynet til bu- og sentrumsmiljø.</p> <p>Administrative vurderingar:</p> <p>1. B50 - Lya:</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er krav om reguleringsplan for område B50 - Lya. Friluftsliv vil vere eit tema i planarbeidet som det vil vere viktig å ta omsyn til. Elles er gang- og sykkelvegen mellom Torpo Næringspark og Torpo kyrkje under opparbeiding. 2. Tas til orientering. 3. Det er krav om reguleringsplan for NÆ53 – Torpomoen. Friluftsliv vil vere eit tema under planarbeidet. 4. For NÆ52 – Torpo industriområde vil støy vere eit viktig tema ifbm. planarbeidet, særleg med tanke på bustadene i Kringlevegen. Planføresegna § 2.2.3.2 – Miljøomsyn varetek dette omsynet. 5. Tas til orientering. 6. Tas til orientering.

	<p>Ved 2. gongs høyring er det eit areal på 158 dekar ca. 2,5-3 km vest for Torpo som er endra frå LNF spreidd bustad (tidlegare med opning for inntil 8 bustadar), til bustadføremål (B50 Lya). Fylkeskommunedirektøren har forståing for kommunens ynskje om å tilretteleggje for bustader. Det leggjast ikkje opp til ein innanfra-og-utbygging i Torpo. Området ligg spreidd men omtrent innanfor sykkelavstand. Det er bra at kommunen har lagt inn eit rekkefølgekrav om opparbeiding av gang- og sykkelveg langs Torpovegen mellom området og Torpo før området kan byggast ut. Området ligg og med kortare avstand til skule og funksjonar enn enkelte andre byggeområde som opnar for bustad. Fylkeskommunen syner og til at byggeområdet råker to område kartlagt som viktige friluftslivsområde i kommunens friluftslivskartlegging, Lya buldrefelt og Storesteinområdet. I konsekvensutgreiinga meiner kommunen at det ikkje er konflikt med friluftsliv fordi buldrefelta ikkje ligg direkte innanfor området. Kommunen syner og til at byggeområdet ikkje råker stigar og løypar direkte. Det er ikkje ønskeleg å bygge ned viktige friluftslivsområde, og eit område kan ha verdi for friluftsliv sjølv om det ikkje er kartlagt stigar og løyper der. Fylkeskommunedirektøren oppmodar til at det i størst mulig grad blir tatt omsyn til friluftslivskvaliteta i området.</p> <p>2. KBA50 – Lien: Viken fylkeskommune fremma motsegn til området fordi det kom i konflikt med dyrka mark. Kommunen har no gjort ei ny avgrensing av området slik at dyrka marka er avsett til LNF. Dette er bra for jordvern og løyser fylkeskommunens motsegn.</p> <p>3. NÆ53 – Torpomoen: Det er lagt inn eit areal på ca. 36,5 dekar til næringsføremål ved Torpomoen nord for riksveg 7. I konsekvensutgreiinga er det synt at arealet ligg innanfor eit viktig nærturterreng, Storesteinområdet, og at det ligg to ferdselsårar i området som må bli ivareteke eller erstatta. Området er kartlagt som viktig friluftslivsområde i kommunens friluftslivskartlegging. Fylkeskommunedirektøren oppmodar til at friluftslivsomsyna i området blir tatt omsyn til.</p> <p>4. NÆ52 – Torpo industriområde:</p>	<p>7. Det er ikkje spesifisert type næring for dei nye områda NÆ54, NÆ53, NÆ52. Områda ligg slik til at det bør vere stor fleksibilitet for kva slags type næring det er opning for på desse tomtene. Arealkrevjande næringer/industri er planforslaget lokalisert i Kleivi eller på Busemoen. Ein reguleringsplan for desse områda vil sette føring for korleis type næring det er opning for.</p> <p>8. Føresegn § 2.2.3.1.e) «Det er opning for å ta ut massar innanfor område NÆ51», er lagt inn i planforslaget etter merknad frå Direktoratet for mineralforvaltning , datert 14.06.2023. Årsaken er at arealet ligg innanfor pukkførekomsten Torpo. Og det vil difor vere positivt at tiltaket kan nytte seg av mineralressursane i området. Området skal nyttast til næringsformål.</p> <p>9. a) Tas til etterretning. Rådmann innstiller på at ledd 1-2 og 5-8 i retningsline under § 3.3.2 Leveområde villrein – Nasjonalt villreinområde også leggjast til retningsline under § 3.3.3 Leveområde villrein – Randområde:</p> <p><i>«Innanfor område avsett til «Leveområde villrein – Randområde» er det ikkje tillat å gjennomføre tiltak, herunder motorferdsel og oppføring av bygg og installasjonar som reduserer villreinen sine levekår. Ved vurdering skal kvalitetsnorm for villrein og Regional plan for Nordfjella leggjast til grunn.</i></p>
--	--	---

	<p>Det er lagt inn eit næringsområde på ca. 45 dekar ved Torpo industriområde, mellom eksisterande næringsområde og riksveg 7. I konsekvensutgreiinga er det synt at det kan bli auka støy og visuell påverknad for bustadane ved Kringlevegen sør for riksveg 7, med andre ord forringe deira bustadmiljø. Det er og peika på eit villtrekk helt aust i området som blir påverka. Fylkeskommunen ber kommunen vurdere dette næringsområdet nøye opp mot omsyn til eksisterande bustadar ved Kringlevegen.</p> <p>5. FTU – Bergsjøstølen: Ved Bergsjøstølen er det lagt inn eit byggeområde på 2,5 dekar til fritids- og turistføremål. Hensikta er å leggje til rette for tenestebustad for dei tilsette ved Bergsjøstølen fjellstugu. Det har tidlegare vært ei dispensasjonssak om dette, kor ein til slutt fann ut at saka måtte avklarast i overordna plan. Dette ligg i eit sårbart område over tregrensa, innanfor arealsone randområde for villrein i Regional plan for Nordfjella med Raudafjell. Randområda er område kor det skal takast omsyn til villrein samstundes som det er viktige område for friluftsliv og ferdsle. Her er det lagt til grunn at det skal ikkje byggast nye fritidsbygg ut over det som fremgår av gjeldande kommuneplanar.</p> <p>Området er og kartlagt som svært viktig friluftslivsområde i kommunens friluftslivskartlegging. Det ligg og innanfor strandsone til vassdrag, men med eksisterande bygningar tettare på vassdrag. Fylkeskommunedirektøren har forståing for ynsket om å tilrettelegge for tenestebustad for dei tilsette i nærleiken til Bergsjøstølen fjellstugu, for å leggje til rette for drifta av fjellstua, sjølv om tiltaket er konfliktfylt i forhold til omsyn til landskaps-, natur- og friluftslivsverdier.</p> <p>Etablering av tenestebustad vil i seg sjølv ikkje føre til auka ferdsle i sårbare villreinområde. Utfordringa er at området blir avsett til fritids- og turistføremål, som opnar for heilt anna verksemder enn tenestebustadar som kjem i konflikt med omsynet til villrein, og at planvirkemidlane kjem litt til kort i alle fall på kommuneplannivå. Fylkeskommunen vurderer derfor at det må takast atterhald om at fylkeskommunen kan ha motsegn på reguleringsplannivå i denne saka, om man ser at det leggast opp til anna verksemd som vil kome i konflikt med omsynet til villrein. Det vil i så fall vere ei sak som fremmast til politisk handsaming. Det må i</p>	<p><i>Villreinnemnda og villreinutvalet skal høyrast ved handsaming av arealplanar, stig- og løypeplanar, disposisjonssaker, vassdragskonsesjonar, lineføring og andre tiltak som kan få betydning for villreinen sine livsvilkår. I slike saker skal det føreliggje ei nærmare utgreiing av verknadene for villreinen, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12 (jf. §1.4 i regional plan for Nordfjella).</i></p> <p><i>Gjerding er tillat så framti at det ved plassering blir tatt omsyn til viktige trekkruiter og beiter for villrein. Gjerde, eller dei delande av gjerdet, som er i konflikt med villreinen sin arealbruk skal leggest ned, eller fjernast, om vinteren. Nærmare rammer skal fastsettast i kvar enkelt kommune (jf. § 2.5 i regional plan for Nordfjella).</i></p> <p><i>Etablering og drift av stigar og løyper skal fastsettast i kommunale stig- og løypeplanar. Det kan berre etablerast nye stigar og løyper i denne sonen når det er viktig av omsyn til villreinen eller av sikkerheitsmessige omsyn (jf. regionalplan for Nordfjella §§ 2.1 og 3.1.2).</i></p> <p><i>Større organiserte arrangement, i mogleg konflikt med villrein, skal avklarast med dei aktuelle kommunane, villreinnemnda og villreinutvalet. Arrangementa skal kanalisert til område med minst mogleg konflikt med villrein. Dette gjeld både sommar- og vinteraktivitetar (jf. regionalplan for Nordfjella § 2.1).</i></p> <p><i>Tamreindrift innanfor planområdet er ikkje tillate (jf. § 2.6 i regionalplan for Nordfjella).»</i></p>
--	--	---

	<p>reguleringsplana elles leggest stor vekt på omsynet til landskap og korleis det kan ivaretakast best mogleg.</p> <p>6. RU54 – Heggetonlie: Det er lagt inn eit område for råstoffutvinning på Votndalsåsen i Heggetonlie. Det ligg ved eit eksisterande område med masseuttak og tidlegare myruttak. Det er i utgangspunktet hensiktsmessig å lokalisere nye område der det allereie er slik verksemd, framfor å ta heilt uråka område i bruk. Det er samstundes konflikhtar med forslaget. Byggeområdet ligg på areal sørvest for dette som i dag primært er skog. Det er eit bratt areal over det eksisterande uttaksområdet som heller mot nordaust. I følge konsekvensutgreiinga er det ei naturtypekartlegging som syner at det er naturverdiar i den vestre delen av innspelsområdet. Arealet ble justert då det ble lagt inn ved 2. gongs høyring. Hensikta var å ivareta myr og sjeldne naturtypar.</p> <p>Arealet ligg innanfor eit område kartlagt som svært viktig friluftslivsområde i kommunens friluftslivskartlegging. Området er veldig bratt, slik at bruken truleg er avgrensa. Men endringa vil gi landskapsmessige verknader som kan innverke på opplevingskvalitetar i området. Kommunen sin faglege, administrative vurdering er at byggeområdet ikkje bør takast med. Fylkeskommunedirektøren støttar denne vurderinga.</p> <p>7. Føresegner nye næringsområde: For dei nye næringsområda som no er lagt inn, er det ikkje lagt opp til kva typar næring som kan etablerast kor. Fylkeskommunedirektøren meiner dette med fordel kan innarbeidast i planen, med føresegner som sikrar at næring lokaliserast med rett verksemd på rett stad. Fylkeskommunen syner til dei regionale føringane om lokalisering av næring etter ABC-prinsippet. Her er det lagt til grunn at næringsliv og offentlege verksemdar med mange arbeidsplassar og mykje besøk skal lokaliserast sentralt i tettstadar (jf. den regionale planens by- og tettstadstruktur kor Sundre er peika ut), mens verksemdar med færre arbeidsplassar, mindre besøk og/eller støy- og støvulemper lokaliserast mindre sentralt. Hensikta er å bygge oppunder tettstads- og sentrumsområde, og avgrense konflikhtar mellom t.d. bu- og sentrumsmiljø og næring som medfører auka støy og støv i eit område.</p>	<p>b) Retningslinjer i føresegn § 3.3.2 og § 3.3.3 supplerast med følgjande nye ledd: <i>Løypekøyning skal stanses midlertidig når det er fare for konflikt med villrein i området (jf. § 2.1 regionalplan for Nordfjella).</i></p> <p><i>I randområder og nasjonalt villreinområde skal det ikkje gjennomførast militær øvingsaktivitet, som feltøvingar og lågtflyging, som er i konflikt med villreinen. Dette er særleg viktig i vinterhalvåret og i kalvingstida. Planlegging og gjennomføring av øvingar i desse områda skal avklarast med dei berørte kommunane, SNO/Fjelloppsynet og villreinnemnda og villreinutvalet (jf. regionalplan for Nordfjella § 2.3).</i></p> <p><i>Restaurering av landskapskadar for å reetablere trekkvegar for villrein knytt til regulerte vassdrag kan bli satt i gang etter nærmare vurdering og planlegging (jf. § 2.7 regionalplan for Nordfjella).</i></p> <p>c) Retningslinjer i føresegn § 3.3.2 supplerast med følgjande nytt ledd: <i>Det skal ikkje anleggast nye vegar i nasjonalt villreinområde. Eksisterande vegar skal ikkje opnast for trafikk før 1. juni (jf. § 3.1.3 regionalplan for Nordfjella).</i></p> <p>10. Tas til orientering.</p>
--	--	--

8. Føresegn til NÆ51:

Næringsområde NÆ51 ved Wangen nord for riksveg 7 ble lagt inn ved førre høyring. Området ligg nært eksisterande næringsområde, og er i dag skog. Det er no lagt inn ei føresegn om at: «Det er opning for å ta ut massar innanfor område NÆ51». Det er uklart kva som ligg i dette, om det skal være masseuttak her før området eventuelt nyttast til næringsføremål. Om det eventuelt skal opnast for dette, må konsekvensutgreiinga oppdaterast slik at dette inngår i vurderingane der. Kommunen må syne til verknadene av endringa for miljø og samfunn før ein kan ta stilling til dette.

9. Retningsliner til omsynssonar bevaring naturmiljø – villrein:

Ved ei inkurie ble diverre ikkje innspel til retningslinene til omsynssonar bevaring naturmiljø (villreinsoner) med i saka ved fyste gongs høyring. Fylkeskommunen tek dei med i saka no, og tilrår at kommunen gjer justeringar i tråd med innspela.

- a. Fleire av retningslinene frå generell del i regional plan er berre gjengjeven i § 3.3.2 Leveområde villrein – Nasjonalt villreinområde (H560_1). Fylkeskommunen tilrår at desse også leggst til i § 3.3.3 Leveområde villrein - Randområde (H560_02) fordi dei i regional plan er generelle retningsliner som omfattar både nasjonalt villreinområde og randsona: 1) 1. ledd at verknad på villrein skal vurderast særskild (også for sakar utanfor planområdet som får påverking innafor planområdet) og at villreinnemnd og villreinutval skal høyrast i slike sakar (i hht § 2.9 i regional plan), 2) 6. og 7. ledd at omlegging av stigar og løyper skal avklarast gjennom stig- og løypeplan, og at større arrangement skal avklarast, i hht § 2.1 i regional plan, 3) 5. ledd om gjerding (i hht § 2.5 i regional plan) 4) 8. ledd om tamrein (i hht § 2.6).
- b. Fylkeskommunen saknar retningsliner for begge omsynssoner om: 1) at det kan bli satt i gang midlertidig stans i løypekøyning viss det er i konflikt med villrein (i hht § 2.1 i regional plan), 2) om forswarets aktivitet (i hht § 2.3), 3) at restaurering av landskappskader for å reetablere trekkveggar for villrein

	<p>knytt til regulerte vassdrag kan bli satt i gang etter nærmare vurdering og planlegging (i hht 2.7)</p> <p>c. Fylkeskommunen saknar retningsline for vegar i nasjonalt villreinområde, desse skal i hht § 3.1.3 vere vinterstengde og ikkje opnast for trafikk før 1. juni, og av erfaring bør det settast en dato for når brøyting kan starte.</p> <p>10. Føresegner plankrav: Fylkeskommunedirektøren ser det er gjort nokre endringar frå høyringsutkastet sist. Føresegnene om plankrav og unnatak frå plankrav er tema mange ulike stader i føresegnene. Fylkeskommunedirektøren tilrår at kommunen tar ein gjennomgang av alle dei relevante føresegnene og sikrar at det ikkje er noko motstrid med tanke på kva som omfattast av plankrav og ikkje. Kommunen bør og sikre at føresegnene blir oversiktlege.</p> <p>Fylkeskommunedirektøren ser at kommunen har løyst planarbeidet på ein god måte og at det er samanheng mellom dei måla kommunen har satt seg og den planen som no ligg føre. Samstundes vil fylkeskommunedirektøren løfte fram det positive ved at kommunen har nytta seg av regionalt planforum fleire gonger i planarbeidet. Det gjev kommunen moglegheit til å få innspel frå fylkeskommunen og regionale mynde tidleg og undervegs i planarbeidet. Fylkeskommunedirektøren oppmodar kommunen til å sjå til dei faglege råda frå fylkeskommunen i saksframstillinga og bidreg sjølvstøtte til kommunen no i sluttbehandlinga av planen.</p>	
<p>NVE, datert 01.12.2023</p>	<p>I NVEs uttale til første gongs høyring av 25.05.2023, gav NVE faglege råd, mellom anna knytt til føresegner som styrar om eit tiltak krev reguleringsplan. Generelt er mange av råda tatt inn, men ikkje alle. NVE viser derfor tilbake til sine råd i uttale av 25.05.2023.</p> <p>Det er i alt 11 nye områder for utbyggingsføremål som er lagt inn i planen, ni føremål er teke ut, samt at seks område er justert. NVE tar her først og fremst stilling til dei føremål som er lagt til, og har ikkje ytterlegare merknadar til dei føremål som berre er blitt justert.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Føresegnet ble satt inn som nytt punkt under føresegn § 1.3 under 2. gongs handsaming i haust. Rådmann foreslå at føresegnet § 2.4.1 e endrast til «Det er ikkje tillate med oppretting av nye bustader, næringsbygg eller fritidsbygg innanfor omsynssoner for flaum- og skredfare». 2. Føresegn § 3.1.4 flyttast til § 3.4 Sone for bandlegging.

	<ol style="list-style-type: none"> 1. NVE kan ikkje sjå at Ål kommune har tatt inn NVEs råd om å oppdatere § 2.4.1. Vi opprettheld derfor vårt sterke faglege råd om å endre føresegn § 2.4.1 e) slik at det går tydeleg fram at det ikkje er tillate med oppretting av nye bustader, næringsbygg eller fritidsbygg innanfor omsynssoner for flaum- og skredfare. Slik føresegna står i dag, kan vurderingane av tryggleik mot flaum og skred skyvast til byggesaka. 2. NVE kan ikkje sjå at vår føresetnad om at Ål kommune endrar innarbeidinga av høgspontanlegg og transformatorstasjonar etter energilova i tråd med Statnett sitt fråsegn er følgd opp. NVE gjentek difor føresetnaden om at Ål kommune må innarbeide sone H370 som «Båndlegging etter annet lovverk», H740. jf. Pbl § 11-8 d. 3. NVE opprettheld også sitt faglege råd om å ta inn i føresegn at det i samband med detaljreguleringsplan må gjerast ei utgreiing av reell fare. Vidare opprettheld NVE sitt faglege råd om at kommunen i føresegn tar inn krav om fagkyndig kompetanse for dei vurderingar og utgreiingar av fare som skal gjerast før det kan gjerast tiltak i omsynssoner for skred- og flaumfare. Det vil vere særskilt aktuelt i §§ 2.1.7, 3.1.1 og 3.1.2. 4. NVE lanserte nye aktsemdskart for snøskred pr 01.06.2023. NVE kan ikkje sjå at dette er implementert i høyringsforslaget. NVE tar dette til etterretning, då det no er 2. gongs høyring. NVE tar derfor berre stilling til nye arealføremål av 2. gongs høyring sitt forhold til nye, oppdaterte aktsemdskart. NVE gir derimot et sterkt fagleg råd om at Ål kommune legg til grunn dei nye aktsemdskarta for snøskred for framtidig arbeid med kommuneplanens arealdel eller kommunedelplanar. Spesielt vil NVE forvente at det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget vert lagt til grunn i det kommande arbeidet med revisjon av arealdelens arealføremål knytt til fritidsbustadar. 5. LSB53: Området ved Bruhauganen ligg innafor aktsemdsområde for snøskred (S3). Området ligg likevel utafor aktsemdsområde, om en legg til grunn at skogen som står i dag, får stå i fred. NVE tar derfor forholdet til etterretning, men understrekar viktigheita av 	<ol style="list-style-type: none"> 3. Her har det skjedd ein feil ved oppdatering av planmateriale etter 2. gongs handsaminga. KPU vedtok dette: §§ 3.1.1 og 3.1.2 supplerast med «<i>Det er krav om fagkyndig kompetanse for dei vurderingar og utgreiingar av fare som skal gjerast før det kan gjerast tiltak i omsynssoner for skred og flaum.</i>». Rådmann vil difor innstille på at dette tas inn i planføresegna no. § 2.1.7 som omhandla naturfare vert teke ut i 2. gongs handsaminga. 4. Tas til orientering. 5. Rådmann tilrår at LSB53 justerast slik at området ligg utanfor aktsemdsområde for snøskred. I tillegg må KU oppdaterast ifht. det nye aktsemdskartet for snøskred for LSB53. 6. KPU vedtok i 2. gongs handsaminga å legge inn LSB54 – Kringlevegen inn i planforslaget, men her skulle avgrensinga justerast slik at det avsette området ligg utanfor aktsemdsområde for flaum. Det har skjedd ein teiknefeil i plankartet. Rådmann innstiller difor på at LSB54 justerast slik at det ligg utanfor aktsemdssoona. Det er ikkje ønskeleg med plankrav for dette området. 7. Tas til orientering. Det er krav om reguleringsplan for området og forhold rundt naturfare er ivareteken av planføresegna § 3.1.1 Faresone – Skred.
--	--	--

	<p>at dette blir tatt hand om gjennom reguleringsplan. Vi gir et råd om å sikre at skog knytt til løyseområde vart sikra i gjennom ei avtale med grunneigar.</p> <p>6. LSB54 - Kringlevegen: Området er i KU til planforslaget lagt inn med intensjon om å gå klar av aktsemdsområde for flaum. NVE kan ikkje sjå at det nye området er lagt klar av aktsemdsområde, og søndre delar av arealet er innafor område med potensiale for flaum. Å etablere bustader innafor LSB54 vil derfor stride mot § 2.4.1, e), og er ikkje avklart for flaumfare i forhold til tryggleikskrav i TEK17 § 7-2. NVE har et sterkt fagleg råd om at blir tatt inn eit føresegn som setter krav om utgreiing av reell fare for flaum på reguleringsplannivå.</p> <p>7. RU54 – Heggetonlie: Området ligg klart innafor aktsemdsområde for snøskred. Vi kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg greidd ut om forholdet i overordna plan ihht. krav i TEK17 § 7-3. NVE har et sterkt fagleg råd om at det blir tatt inn ei føresegn som setter krav om utgreiing av reell fare for snøskred på reguleringsplannivå.</p> <p>8. Nye gang- og sykkelveger: Dei arealføremål som er føreslått ligg dels innom aktsemdsområde for både flaum og jord- og flaumskred. NVE forutsett at dette vart tatt hand om vidare i reguleringsplan.</p>	8. Tas til orientering.
Hallingdal Kraftnett AS, datert 26.11.2023	<p>Ustaområdet er viktig for kraftproduksjon og -distribusjon både lokalt og nasjonalt med ei rekkje større og mindre kraftanlegg. I tillegg er det ein del større forbrukskundar i dette området. Glitre Nett og Hallingdal Kraftnett eig og driftar regionalnett og lokalt distribusjonsnett i området.</p> <p>Det er vanskeleg å forutsjå nøyaktig korleis utviklinga i området vil bli, men det vil kunne bli behov for utviding/bygging av regionalnettsanlegg. Me vurderer arealet aust for Usta trafostasjon som mest aktuell for eventuelle utvidingar/nye anlegg. Me vil meddele evt. nye behov så snart slike oppstår. For øvrig sluttar me oss til kommentarane frå Statnett.</p>	Tas til orientering.

<p>Direktoratet for mineralforvaltning, datert 13.11.2023</p>	<p>DMF viser til fråsegn til oppstart og høyring av planprogram datert 03.10.2020 og til første høyring og offentlig ettersyn av planforslaget datert 14.06.23. I fråsegnet til DMF i juni kommenterte vi på områda NÆ01 og NÆ04, NÆ50, NÆ51, ABA50, GS41 og GS51. Ingen av desse områda er justert eller tatt ut av planforslaget. DMF ser at det er innarbeidd føresegn som tillèt uttak av massar innanfor område NÆ51 i medhald av DMFs innspel i fyrste høyringsrunde. Det kjem no også fram at masseuttaket på Trillhustippen er satt av til LNF i planforslaget fordi drifta i masseuttaket er avvikla.</p> <p>RU54, Heggetonlie: Grunneigar ynskjer å avsette området til uttak av grus/sand. Området ligg tilknytt eit eksisterande område for råstoffutvinning og området rundt er prega av tidlegare myrjorduttak. Hensikten er å ta ut massar til byggeråstoff. Det opplystast om at det har vore tatt ut massar her i lang tid til bruk på tilhøyrande vegar. Det er ynskje om å vidareføre dette samt å ta ut sand for tilslag i matjordproduksjon. Det er ikkje registrert mineralressursar i området. DMF ser det som hensiktsmessig å endre arealformålet slik at det stemmer overens med den faktiske bruken av arealet.</p> <p>NÆ52 – Torpo: Området ligg rett inntil Torpo masseuttak som har konsesjon etter Minerallova. Det rører ved pukkførekomsten Torpo. Hensikten er å regulere området til næring for å se området i samanheng med planlagt etterbruk av dagens område for råstoffutvinning. Konsekvensen er vurdert i KU som positiv for mineralressursar, fordi tiltaket vil kunne nytte seg av ressursane i området.</p>	<p>Tas til orientering.</p>
<p>Mattilsynet, datert 10.11.2023</p>	<p>Mattilsynet ga i brev av 01.06.2023 en uttalelse til revidering av arealdelen av kommuneplanen 2023 – 2035 – Ål kommune. Denne uttalelsen vil også være gjeldende for de endringene som framkommer i denne høyringsrunden av KPA Ål kommune og vi ser ikke behov for å komme med noen ytterligere tilføyelser.</p>	<p>Tas til orientering.</p>
<p>Bane NOR SF</p>	<p>Bergensbana ligg på sørsida av Hallingdalselva, og kommuneplanen har få nye utviklingsfelt i nærleiken av bana. Etter det vi kan sjå, er felt for næringsutvikling ved Kleivi trekt heilt inntil Bergensbana. Vi minner om at det vil bli sett krav om tilstrekkeleg avstand til jernbana når det kjem reguleringsforslag på høyring.</p>	<p>Tas til orientering. Når det gjeld linjesymbolet så skal administrasjonen sjå på moglegheita for å få det tydeligare frem i plankartet.</p>

	<p>Bane NOR forutset at planen ikkje inneber auka bruk av planovergangar. Ulykker på planovergangar er den største risikoberaren knytt til jernbanetrafiikk, og Bane NOR er oppteken av at trafikken over desse ikkje aukar.</p> <p>Bane NOR saknar linjesymbolet for jernbane i kartet. Rett symbol er vist i teiknforklaringa, men det er vanskeleg å finne att linjesymbolet i plankartet.</p>	
<p>Forum for natur og friluftsliv (FNF), datert 20.11.2023</p>	<p>To store kriser preger verden i dag – klimakrisen og naturkrisen. Den store trusselen er arealendringer og dette medfører at både naturmangfoldet og friluftslivet forringes. For å stanse tapet av natur, samt bremse den globale oppvarmingen, må arealforbruket stoppes. Ivaretagelse av naturen er grunnlaget for et bærekraftig samfunn. Vi er sterkt opptatte av å ta vare på naturgrunnlaget og fremme et allment tilgjengelig friluftsliv i kommunen og ønsker å komme med en uttalelse til kommuneplanens arealdel 2023-2035 som nå er på høring. Til orientering så støtter også FNF Buskerud høringsinnspillet innsendt av Naturvernforbundet i Hallingdal.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. I planbeskrivelsen viser Ål kommune til arealregnskap med en tabell over arealbruk. Vi mener denne tabellen sier lite om konkret arealbruk i kommunen, og ber kommunen lage et mer oversiktlig og beskrivende arealregnskap. Det er arealendringer som hovedsakelig truer natur- og friluftslivsverdiene, da særlig bit for bit utbyggingen som samlet sett beslaglegger og splitter opp naturområdene. 2. Vi ønsker at kommunen har en arealbruk som ivaretar naturområder og naturmangfoldet, både for bruk og vern av naturen. For å nå dette målet anbefaler vi kommunen å kartlegge naturmangfold. Da får kommunen kartlagt status, utfordringer og områder som mangler kartlegging, noe som vil gi kommunen et godt grunnlag for å ivareta sine forpliktelser etter naturmangfoldloven. 3. Ål kommune, som en del av Viken vannområde, må også implementere Tiltaksplanen for Oslofjorden, og alle dens arbeidspunkter i sine vannforvaltningsplaner. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ved revidering av tema fritidsbustader så vil det også være naturleg å sjå på ein betre modell for arealrekneskap. 2. I de to siste årene har store deler av åsen frå Rødungen til Gol blitt NiN kartlagt av Miljødirektoratet. Ål kommune har også gjennomført to større beitekartleggingar. Det vil også blitt gjennomført nye kartleggingar i 2024. Alle desse kartleggingane vil vere svært viktig når tema fritidsbustader skal reviderast. 3. Tas til orientering. 4. Tas til orientering. 5. Det er gjennomført friluftlivkartlegging i Ål kommune. 6. Tas til orientering. 7. Dette vil vere naturleg å sjå oppheving av eldre planar i samband med revidering av tema fritidsbustader. 8. Tas til orientering.

	<p>4. Vi ønsker at kommunen lager en plan for massehåndtering der status, utfordringer og behov, og ikke minst mulig samarbeid med andre kommuner skal utredes.</p> <p>5. En viktig oppgave for kommunen blir å sikre nok grønne arealer og tilgjengelig uteareal, som skogholt, bekkedrag o.l., i umiddelbar nærhet til barnehager og grunnskoler. Vi ønsker også at kommunen har en arealbruk som ivaretar allmennhetens ferdsels- og oppholdsrett etter friluftsloven. For å nå dette målet anbefaler vi kommunen å kartlegge eksisterende friluftsområder og bruken av disse.</p> <p>6. Vi mener at hyttebygging er en stor arealkostnad for Ål kommune, og må tas med i arealdelen til kommunen. Vi mener det er merkelig at kommunen ønske å revidere områder for hyttebygging etter at arealdelen er vedtatt. Hytteutbygging må ses på som unødvendig ny arealbruk, og må unngås i størst mulig grad, og ikke på noen måte i allerede uberørt natur, eller i villreinsens leveområder. Kommunen må få en oversikt over hva som allerede finnes av tomtereserver og fortettpotensialet i eksisterende hytteområder.</p> <p>7. Ber kommunen om å gjennomføre ein planvask av gamle reguleringsplanar det det ikkje føreligger ein godkjent byggesøknad. FNF viser til at kommunen kan oppheve vedtatte reguleringsplanar uten at kommunen blir erstatningspliktig.</p> <p>8. FNF ønsker en gjennomgang og utvidelser av grønnstruktur og hensynssoner spesielt for bevaring av naturmiljø og for friluftsliv. FNF anbefaler også kommunen å utvikle et temakart med grønnstruktur/grønne traseer som tas med som kunnskapsgrunnlag i utarbeidelsen av arealdelen.</p> <p>9. Soner med særlig hensyn til friluftsliv, grønnstruktur, landskap og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø må derfor legges inn i arealplanen, herunder også vassdragssoner. Videre må det legges inn retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta interessen i sonen og retningslinjer om hvilke hensyn som skal vektlegges ved praktisering av annen lovgivning så langt kommunen er tillagt myndighet etter vedkommende lov, jf. pbl § 11-8 andre ledd bokstav c)</p>	<p>9. Det er i planforslaget satt av konkrete soner med særlig omsyn til landskap og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med tilhørende retningslinjer.</p>
--	---	---

	<p>Til slutt ber FNF kommunen sørge for at arealbruken blir avklart gjennom planprosesser. Planlegging bidrar til samordning av statlige, regionale og kommunale oppgaver, og gir grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser, jf. plan- og bygningsloven § 1-1 andre ledd. I tillegg sikrer planlegging åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter, og man sikrer langsiktige løsninger hvor konsekvenser for miljø og samfunn er vurdert, jf. tredje ledd. Planlegging sikrer også at prinsippet om universell utforming og hensynet til barn og unges oppvekstvilkår ivaretas, jf. fjerde ledd.</p>	
<p>Ål Venstre, datert 19.11.2023</p>	<p>Ål Venstre har innspel til punkt 6 Tomtereserve i dei overordna arealføringane for kommunen sin arealbruk vedtatt i k.sak 7/21, og endra i k.sak 69/23.</p> <p>Innspelet gjeld punkt 6a, som seier: Regulerte og avsette fritidstomter vert vidareført.</p> <p>Ål Venstre meiner dette punktet strir mot behovet for ein «Planvask», som skal sikre at områder som er avsett og regulert til fritidsbustader er i tråd med oppdatert kunnskap om sikring og bevaring av sårbar natur.</p> <p>Nylig har utvalet som har utarbeidd rapport med anbefalingar for omstilling til lavutslepp lagt fram sine forslag til regjeringa (27. oktober 2023). Deira forslag er å stille krav om planvask for kommuneplanens arealdel og vedtatte reguleringsplanar eldre enn 5 år.</p> <p>NOU 2023: 25 Omstilling til lavutslipp, veivalg for klimapolitikken mot 2050. Utdrag frå kap. 6.3 <i>Arealer er en begrenset ressurs: «Alle kommuner bør revidere kommuneplanens arealdel og vedtatte reguleringsplaner som er eldre enn 5 år for å ta ut områder avsatt til ulike former for utbygging, men som ikke tar nødvendig hensyn til klima- og miljømålene. Tilsvarende bør vedtatte samferdselsprosjekter som enda ikke er gjennomført være gjenstand for en «prosjektvask», slik at nedbygging av karbonrike områder og verdifull natur begrenses vesentlig».</i></p>	<p>Innspelet gjeld ein evt. endring av eitt punkt i dei overordna arealføringane for kommunens arealbruk.</p> <p>Rådmann er einig i at ordlyden i punkt 6a vil vere uheldig når tema fritidsbustader skal reviderast. Rådmann ser at det vil være naturleg å ha ein gjennomgang av eldre reguleringsplaner i samband med revidering av tema fritidsbustader. Store deler av åsane nord for Rv. 7 er no naturtypekartlagt og beitekartlagt, og det vil vere naturlege å vurdere regulerte ubebygde områder opp mot den kunnskapen som vi no innehar.</p> <p>Justering/revidering av dei overordna arealføringane må gjerast i samband med den kommunale planstrategien, enten alene eller i samband med ein eventuell revidering av samfunnsdelen.</p>

	<p>Utdrag frå kap. 6.6 <i>Utvalgets anbefalinger:</i> <i>«det innføres et krav om planvask, slik at kommunene reviderer kommuneplanens arealdel og vedtatte reguleringsplaner (eldre enn 5 år), for å ta ut områder avsatt til ulike former for utbygging, men som ikke tar nødvendig hensyn til klima- og miljømålene.»</i></p>	
<p>Naturvernforbundet i Hallingdal, datert 19.11.202</p>	<p>1. Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) og Buskerud meiner at kunnskapsgrunnlaget og kartlegginga av naturmangfaldet i kommuner er for dårleg. Biofokusrapporten frå mars 2023 viser dette, der det står at: <i>"Samlet sett vurderes kartleggingsstatus for Ål kommune som «lite - ufullstendig kartlagt» for store deler av kommunen."</i></p> <p>Å basere eit planutkastet på mangelfulle kunnskarar om naturmangfaldet i kommunen, gjer at det blir vanskeleg å sjå fullt ut konsekvensane for natur og miljø, av ei evt utbygging. Politikarane som skal fatte kloke og langsiktige vedtak, der naturmangfaldet skal vere med i beslutningsgrunnlaget, har fått ei nærmast umogleg oppgåve i fanget.</p> <p>Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) vil derfor be Ål kommune om å starte kartlegging av naturmangfaldet i kommunen så snøgt som råd. Områder som er aktuelle for utbygging, må kartleggjast fyrst.</p> <p>Alle innspel om utbygging i denne planen, må difor ha eit atterhald om at det må gjennomførast ei kartlegging av naturmangfaldet i det aktuelle området, før kommunen kan gje endeleg godkjenning for utbygging.</p> <p>2. Mange av innspelsområda ligg innafor 100 metersbelte og må difor stoppast. I Plan og Bygningslova er det krav om at det ikkje kan gjerast inngrep i eit belte på 100 meter frå vatn, bekkar og vassdrag med årssikker vassføring. Denne regelen er viktig for å ivareta naturmangfaldet i og rundt vassdraget. Vegetasjonen som fins i dette 100 metersbeltet, stabiliserer jordsmonnet og er med på å førebygge erosjon, flaum og skred ut mot vassdraget.</p> <p>3. Vi minne Ål kommune om forpliktinga som ligg i Naturmangfaldsavtala frå Montreal i desember 2022. Her har Noreg forplikta seg til å restaurere 30 % av øydelagt natur</p>	<p>1. Fleire område i kommunen er i den siste tida kartlagt eller under kartlegging. Områda som er/blir kartlagt er område som er utsatt for hytteutbygging. Områda som blir satt av i dette planforslaget gjeld hovudsakleg område for næring, bustader og område for spreidde bustader. Større bustadområde, samt næringsområde har krav om detaljregulering og desse områda vil bli kartlagt undervegs i den planprosessen.</p> <p>2. Den generelle reglene er at det er eit byggjeforbod i 100 meters beltet til vann og vassdrag. Det er opning for å justere denne grensa i arealdelen og reguleringsplanar.</p> <p>Føresegn §1.6 Byggjeforbod langs vassdrag: «I område målt 100 meter frå strandlina (målt i horisontalplanet og ved gjennomsnittleg flaumvasstand) langs vatn over 100 daa, og vassdraga Sundåni, Kulu, Ridøla, Kvinda, Sireåne, Heståne, Løkbekken, Lya, Votna og Hallingdalselva, kan det ikkje byggjast eller setjast i verk nye bustadbygg, næringsbygg, fritidsbygg, vegar, masseuttak, landbruksvegar og masseuttak knytt til landbruket før arbeidet er i samsvar med godkjent reguleringsplan. For bekkar og mindre elver merka på plankartet er grensa 50 meter. I eit 10-</p>

	<p>innan 2023. I Ål kommunes planforslag vil dei fleste innspela føre til enda meir nedbygging av natur. Meiner kommunen må tenke nytt og motsett: Korleis skal Ål kommune bidra slik at me klare å ta attende 30 % av øydelagt natur i Ål kommune innan 2023? Dette spørsmålet bør kommunen gje eit svar på i planutkastet som skal gjelde heilt fram til 2035.</p> <p>Ål kommune har klart å verne om lag 8% av det totale arealet i Ål (Fødalen og Tuftelia), mens Norge har samla sett verna om lag 17.2 % av landarealet sitt. På naturmangfaldkonferansen i Montreal i desember 2022, har Noreg forplikta seg til å verne heile 30 % av naturområda innan 2030. Det betyr at Ål kommune har ein veg å gå. I planforslaget frå Ål kommune er det lite som tyder på at kommunen vil sette av areal som skal vernast. Tvert imot, dei fleste innspela vil føre til enda meir nedbygging av natur. Korleis kan Ål kommune bidra slik at me klarer å verne 30% av urørt natur i Ål innan 2030? Det spørsmålet bør kommunen gi eit svar på i planutkastet som skal gjelde heilt fram til 2035.</p> <p>Ein måte kommunen kan ta attende og evt verne naturområder på, er å gå gjennom alle tidlegare godkjente reguleringsplaner på nytt (planvask). Nokre av planane er såpass gamle at kunnskapsgrunnlaget ikkje var godt nok, når vedtaket om utbygging vart gjort. Slike områder bør kommunen vurdere å ta ut av godkjente reguleringsplanen og føre dei attende som LNF områder. Kommunen risikerar ingen erstatningskrav om dei vel ei slik løysing.</p> <p>4. For å få til ei fornybarsatsing som er eit nasjonalt ynskje, bør kommunen stille krav til utbyggar, om at alle maskiner skal ha nullutslepp f eks ved at det skal nyttast biodiesel HVO eller elektrisitet som drivstoff. Alle bygg som vert ført opp , også eldre, skal ha solceller på tak evt veggar. Vidare skal alle nybygg fylgje normene for passivhus, og utbyggjar må kunne dokumentere gjenbruk av materialar i byggjeprosess.</p> <p>5. Kommunen må også stille krav om at hvis utbyggjar ynskjer torv på tak, så kan ikkje den hentast frå myr. Utbyggjar må kunne dokumtere kor torva kjem frå.</p>	<p>metersbelte langs vasskanten skal det vere vegetasjon, jf. lov om vassdrag og grunnvatn.</p> <p>For utbyggingsføremål er det byggjeforbod inntil 50 meter frå vassdrag ved gjennomsnittleg vasstand. Det er unntak dersom det ligg føre godkjent reguleringsplan som syner anna bruk eller ved tilrettelegging for friluftsliv for alle.»</p> <p>Føresegnet ivaretek også krav om kantvegetasjon jf. lov om vassdrag og grunnvatn.</p> <p>3. Noreg har forplikta seg igjennom naturavtala å restaurere 30 % av øydelagt natur. Det betyr ikkje at kvar enkelt kommune skal restaurere 30 % av sin øydelagde natur. For å kunne restaurere noko så må man også ha natur å restaurere. Dei fleste større vassdraga i Ål kommune er kategorisert som ein sterkt modifisert vassførekomst pga. vasskraft. I samband med revidering av konsesjonsvilkår i Uste – Nes reguleringa og Holsreguleringa har kommunane i Hallingdal fått gjennomslag for minstevassføring eller vassføring som er høgare en minstevassføring i fleire vassdrag. Å få meir vatn tilbake til elvene er eit bidrag til restaurering av øydelagt natur i Ål kommune.</p> <p>Det er fleire måtar å verne natur på. Tuftelia og Fødalen er vernet gjennom forskrift/lov fordi det er nok særskild viktig med dei to forskjellige områda. Av 1171 km² i Ål kommune er 5.31 km² bebygd areal i form av vegar eller bygningar. I plan- og bygningslova er LNF formål eit formål der det er eit</p>
--	--	--

	<p>NiH krev at dette planutkastet, arealdelen av kommuneplanen for Ål kommune 2.gong høyring, vert lagt på vent inntil kommunen har gjennomført ei grundig kartlegging av naturmangfaldet i dei aktuelle utbyggingsområda</p>	<p>generelt byggjeforbod (med nokon unntak) og på den måten eit «vern» av natur. I Ål kommune er 932 km² av satt til LNF formål. I tillegg har viktige naturtypar fått ein omsynssone for bevaring av naturmiljø med tilhøyrande retningsliner.</p> <p>Rådmann meiner at det vil vere naturleg å ha ein gjennomgang av eldre planar for å sjå om dei kjem i konflikt med nyare natur-kartleggingar når tema fritidsbustader skal reviderast.</p> <p>4. Det er hovudsakleg ikkje opning for å regulere drift igjennom arealdelen og reguleringsplanar. Men kommunen kan blant anna stille krav til utslipp ved byggeplassar i sine eigne rammeavtaler/anbodskonkurransar.</p> <p>Når det gjeld krav til utforming av nye bygg og føringar for nye utbyggingsområde vil føringar for desse bli spesifisert på reguleringsplannivå.</p> <p>5. Tas til orientering.</p>
<p>Statnett SF, datert 06.12.203</p> <p>Mottatt av Ål kommune 21.12.2023</p>	<p>1. Statnett ønsker at området øst for Usta transformatorstasjon holdes ubebygd. Det må være tilstrekkelig areal tilgjengelig for framtidig fornyelse og ombygging av Usta transformatorstasjon, og dette området anses som aktuelt ved en eventuell utvidelse. Det vil i framtiden forekomme behov for fornyelse, ombygging og utvidelse for å sikre lokal strømforsyning og kapasitet i forhold til forbruk i regionen.</p> <p>2. For arealene lenger sør rundt eksisterende transmisjonsnettledning 420 kV Usta – Ådal, vil det være behov for en ny korridor av hensyn til ny 420 kV ledning fra Usta transformatorstasjon til Golsområdet som vil ha trasè sør for 420 kV Usta - Ådal. Vi ber om at kommunen hensyntar dette i arealplanleggingen og at det legges til</p>	<p>1. Området er regulert til industri i reguleringsplan for Kleivi næringspark, og satt av til eksisterande næring i KPA. Rådmann forventar at Statnett SF tek kontakt med eigar av 125/75 viss arealet skal haldast ubygd.</p> <p>2. Rådmannen tilrår på at det leggjast inn ein ytterlegare omsynssone sør for eksisterande leidningstrase.</p>

	<p>ytterligere hensynssone sør for eksisterende ledningstrase. Eksisterende ledningstrase 300 kV Usta – Hemsil 2 planlegges sanert i framtiden, men vi ber om at klausulbeltet beholdes for å ha rom for innføring av våre ledninger til transformatorstasjon samt at det behov for arealet ved fremtidig fornyelse av 420 kV Usta - Ådal.</p> <p>3. Anlegg bygget i medhold av anleggskonsesjon er i all hovedsak unntatt fra Plan- og bygningslovens regler, og for slike anlegg kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema. Utgangspunktet er derfor at slike transmisjonsnettledninger og transformatorstasjoner i en kommuneplan ikke skal inntegnes som ett planformål, men innarbeides i plankartet som hensynssone med SOSI-kode H740 (båndlegging etter Energiloven) og tilhørende reguleringsbestemmelser (pbl §§ 11-8 d) /12-6).</p> <p>Statnett ber om at følgende reguleringsbestemmelse knyttet opp mot hensynssonen for transmisjonsnettanleggene: Det er ikke tillatt med ny bebyggelse innenfor hensynssonen og alle tiltak i terrenget og anleggsarbeid innenfor hensynssonen skal på forhånd avklares med ledningseier. Hensynssonen bør være identisk med ledningsanleggets byggeforbudsbelte. Byggeforbudsbelte langs denne transmisjonsnettledningen er totalt 40 meter, 20 meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen.</p> <p>4. Anleggsarbeid nært spenningsatte anlegg må skje på en måte som ikke gir fare for Statnetts ledninger eller skade på personell, maskiner og utstyr. I tillegg til byggeforbudsbeltet er det en varslingsavstand på 30 meter det fra ytterste strømførende fase på ledningen. Statnett som ledningseier skal derfor kontaktes minst 6 uker før planlagt oppstart av arbeid med anleggsmaskiner i en horisontal avstand nærmere enn 30 meter fra ytterste strømførende line. Det samme gjelder dersom det skal gjennomføres sprengningsarbeider eller gravearbeider mv som kan gi risiko for å påføre overføringsanlegget skade eller gi skade på tiltakshaver eller utstyr. Det vil da være nødvendig med befaring og nærmere avtale om aktuelle sikkerhetstiltak.</p>	<p>3. Rådmann tilrår at Statsnetts ledningsnett teiknast inn med omsynssone H740, samt at tilhøyrande føresegn § 3.1.4 flyttast til § 3.4 Sone for båndlegging.</p> <p>Statnetts føreslåtte planføresegn er allereie innarbeida i planføresegn § 3.1.4.</p> <p>4. Tas til orientering.</p>
--	--	--

Andre:

<p>Primhovda sameige, datert 20.11.2023 Journalpost 218</p>	<p>1. Syner til tidlegare innsendte høyringsssvar og at dei står fast ved tidlegare innsendte høyringsinnspel. Sameiget vil påpeike det dei synes er ein merkeleg framgangsmåte til Ål kommune ved å legge opp til ein noko haltande og uryddig prosess i høyringar av framtidige føringar ved arealbruk i Primhovda sameige. Sameige meiner det blir heilt feil å skulle ta kommunedelplanen for Primhovda ut av høyring om areal i ein overordna kommuneplan, men likevel innarbeide arealbruken til kommunedelplanen inn i arealføringane til kommuneplanen med grunngeving om at fritidsbustader skal reviderast seinare.</p> <p>Det er misvisande og villeiande at arealet i heile Ål kommune unnateke arealet til kommunedelplan for Primhovda som ikkje skal evaluerast, berre innarbeidast og vidareføre den gamle planen frå 2006 inn i den nye overordna kommuneplanen, utan at dei som berørte grunneigarar får nokon som helst reel innflytelse for våre behov og ønskjer for framtidig arealbruk på eiga grunn. Likevel skal Ål skisenter sine behov for areal takast no, sjølv om det er innanfor Primhovdaplanen. Kommunen har her berre gjort ei kreativ omdefinering frå «areal» til «næring». Men stølsdrift som næring innanfor Primhovdaplanen er ikkje definert inn i prosessen no. Dette blir både ei uryddig og inkonsekvent sakshandsaming.</p> <p>Kommunedelplanen for Primhovda er no 17 år gammal. Den har ikkje vore revidert nokon gong sidan den vart vedteke i 2006. Planprosessen den gongen var prega av ein del usemje om arealbruk og interessekonfliktar, noko som førte til at Primhovda sameige sine ønsker den gongen om heisnære tomter i sør og LNF-område for stølsdrift og beiteareal på nordsida ikkje vart etterkomme. Sameige har ingen planar om å sette i gang med reguleringsplanar og hyttebygging på nordsida. Heile KDP for Primhova i sin noverande form frå 2006 utgått på data. På nordsida skal det vere stølsdrift og beiteareal. Både dagens stølsdrift, beiteareal og teikna inn hyttefelt er i randsona mellom bjørkeskogen og snaufjell. Massive hyttefelt i det same området ved Kuluset, er difor verken relevant eller av interesse for sameiget. Det har</p>	<p>1. Kommuneplanutvalet valde i sak 10/21 den 6. september 2021 at arbeidet med næring og levande grender, herunder bustader skulle prioriterast. Når kommunen har vedtatt den reviderte arealdelen vil ein ny revidering settast i gang for å handsame innspel om hytter og fortetting av hytteområde. I samband med dette valte administrasjonen at også alpinbakken og botnområdet rundt Ål skisenter skulle takast inn i det arbeidet som gjerast no, da arealet også omhandlar område for næring/utleige. For resterande areal på Primhovda gjeld KDP enn så lenge.</p> <p>I samband med revidering av tema fritidsbustader så vil hele KDP for Primhovda bli vurdert da kommunedelplanen hovudsakleg er ein plan for utvikling av nye område for fritidsbustader. Ved revidering av tema fritidsbustader vil det bli lagt opp til nye moglegheiter for medverknad i form av innspel og grendemøter.</p> <p>Primhovda sameiga har i samband med innspel til arealdelen kome med forslag om</p>
---	---	--

	<p>vorte gjennomført vegetasjonsregistreringar i områda der det vart teikna inn hyttefelt i 2006. Beitebruk/sølsdrift og hyttebygging i dei same områda let seg ikkje kombinere.</p> <p>Sameiget ser det difor som vesentleg at LNF- områder stølsdrift og bruk av beiteområder må vere med i planprosessen i denne omgang for å få løfta verdien av denne type arealbruk inn på eit overordna kommuneplannivå i denne omgangen. Stølsdrift er her å sjå på som næring</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Sameiget er i dialog med Ål skisenter om heisnære tomter på sameiget sin grunn i sør. Vi har hatt synfaringar saman i det aktuelle området. Difor må dette takast med no, slik at heisnære tomter kan bli innarbeidd og tilpassa i arealet avsett til alpinformål. 3. I plan- og bygningslova § 11-15 tredje ledd står det klart og tydeleg at kommunestyret sitt vedtak av ein kommuneplan ikkje kan påklagast. Dermed vil seinare innspel om fritidsbustader som er i strid med gjeldande kommuneplan bli vanskeleg. Sameiget stiler seg difor svært kritisk til denne måten Ål kommunen prøver å vidareføre arealbruken i ein kommunedelplan til å bli juridisk bindande i ein overordna kommuneplan –overordna føringar av arealbruk som på sikt vil øydelegge for stølsdrift og beiting – overordna føringar som sameiget aldri har bedt om og såleis ikkje er interesserte i. <p>Sameiget vet ikkje kva for omfang eller kva for avgrensingar Ål kommune kjem til å legge seg på ved revidering av fritidsbustader, om det berre blir ei underordna flikking innanfor dei vedtekne overordna føringar frå kommuneplanen som skal vedtakast no, eller om det blir ein heilt ny overordna arealprosess som vil erstatte arealføringar som blir vedtekne no.</p>	<p>å ta ut område satt av til fritidsbustader nord på primhovda, samt kome med innspel til nytt område for fritidsbustader nærmare skisenteret.</p> <p>Rådmann er positiv til å ta ut områder satt av til fritidsbustader nord i KDP for Primhovda og har derfor ingen innvendingar til dette. Men det er kommuneplanutvalet og kommunestyret som vedtek å ta ut eksisterande område satt av til fritidsbustader. Dette vil evt. bli gjort når vi skal revidere tema fritidsbustader.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Innspel om nye område for fritidsbustader er ikkje tema for det pågåande planarbeidet. Dette vil bli vurdert når kommunen startar opp arbeidet med å revidere tema fritidsbustader. Rådmann vil elles vise til dei overordna arealføringane for kommunens arealbruk kor det står at kommunen skal styrke turist- og aktivitetsområde som til døme alpinbakkar. 3. Rådmann ser at det er behov for å avklare forholdet mellom det som gjerast no og KDP for Primhovda. KDP for Primhovda gjeld heilt til det har kome enten ny KDP eller at planområdet er tatt inn i arealdelen av kommuneplanen. I denne omgangen så er det berre areal satt av til alpinanlegg + botnområde i Svarteberg som er innlemma i
--	--	--

		<p>ny KPA. Resterende KDP for Primhovda gjeld enn så lenge.</p> <p>Det er ikkje slik at innspel om fritidsbustader i alpinanlegg ikkje skal vurderast i neste runde fordi området no er satt av til alpinformål. Arbeidet er delt i to slik at vi kan få eit god overblikk over framtidig fritidsutbygging i heile kommunen.</p> <p>I sommar 2024 så skal arbeidet med naturkartlegging fortsette slik at vi har best mogleg kunnskapsgrunnlag for å kunne fatte gode slutningar om kor vi evt. ønsker at utvikling av fritidsbustader skal skje, og evt. planar som bør opphevast heilt eller delvis (planvask).</p>
<p>Karianne Sørbøen og Morten Flaget, datert 20.11.2023 Journalpost 221</p>	<p>Arealene på våre eiendommer benyttes i landbruksvirksomheten vi driver. Selv om noen av våre innspill er hensyntatt, legges det etter vår mening fortsatt for lite vekt på jordbruksmessige hensyn i planen som skal gi de overordnede rammene for aktiviteten på arealene som omfattes.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ber om at det lille arealet som ligg igjen mellom alpinanlegget og Svarteberg blir tatt inn i planforslaget. 2. Ber om at U5 i kommunedelplan for Primhovda tas inn i planforslaget. 3. Ber om at areal avsatt til idrettsanlegg i Ål skisenter supplerast med følgjande føresegn: <ol style="list-style-type: none"> a. Området skal benyttes til landbruksdrift mellom 1. mai og 15. oktober. Området skal brukes til aktivitet som alpinanlegg mellom 15. oktober og 1. mai. b. Krav om tilbakeføring til landbruksdrift ved evt. terrenginngrep/planering, inklusive vurdering av håndtering av overvann/drensvann. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rådmann ser ingen grunn til at dette området ikkje er med no og tilrår difor å sette av området til LNF. 2. U5 ligg i botnområdet til Ål skisenter og det er ein feil at dette ikkje ligg inne i planforslaget. Rådmann tilrår at U5 i KDP for Primhovda vidareførast i planforslaget med nye føresegn for bruken av området med opning for utleigeiningar. 3. Arealdelen av kommuneplanen er på eit overordna nivå, fleire av innspela til nye føresegner er av slik karakter at dei vil vere

	<p>c. Anlegg for andre typer idrettsanlegg enn alpinanlegg er ikke tillatt.</p> <p>d. Jordloven §§ 9 og 12 skal gjelde.</p> <p>e. Rekkefølgekrav i gjeldende plan om at detaljregulering skal fastsette endelig utstrekning av alpinanlegg og at resten skal reguleres til landbruksformål opprettholdes.</p> <p>f. Bestemmelse 2.2.7 bør også suppleres med at det er tillatt med oppføring av bygg og anlegg som har tilknytning til bruken av området til landbruksformål. På samme måte som at det er tillatt med bygg og anlegg til bruk som idrettsanlegg.</p> <p>4. Ber om følgende endringer i plankartet:</p> <p>a. Ber om at veg 105/32 som er satt av til veg i plankartet blir satt av til LNF formål. Vegen skal no nyttast til landbruksformål.</p> <p>b. Ønskjer at eit mindre areal på ca. 455 kvm på eigedom 105/3 endrast frå idrettsanlegg til LNF.</p> <p>c. For formålet IDR (eller BIA) må plankart og bestemmelser bringes i overensstemmelse (Vist til BIA i plankart på kommunekart.com, ikke merket i pdf-filer på nettsiden, men kalt IDR i bestemmelsene §2.2.7).</p> <p>5. Viser til Statsforvalterens merknad ved 1.gangs høring, der det bl.a. fremmes innsigelse til manglende konsekvensutredning for jordbruksarealene i Ål skisenter. Vi har ikke funnet noen konsekvensutredning av dette temaet hverken på kommunens nettsider om kommuneplanen eller i sakspapirer til kommuneplanutvalget. Det eneste som ser ut til å være gjort er at bestemmelse 2.2.7 er supplert med en setning om at det skal være alpinanlegg om vinteren og landbruksdrift om sommeren. Om dette stemmer vil vi anta at en konsekvensutredning iht forskriften fortsatt er nødvendig. En reell konsekvensutredning etter forskriften må bestå i en vurdering av hvilken påvirkning driften av alpinanlegg har på jordbruksarealene sett opp mot verdien av jorda / jordbruksarealene.</p> <p>Vi gjentar at det ikke foreligger innspill fra Ål Skisenter som angir at våre innspill vil få negative konsekvenser for den som skal drive alpinanlegg på de aktuelle områdene. De landbruksmessige hensynene som vi har anført må derfor kunne tillegges avgjørende vekt slik at våre innspill kan hensyntas.</p>	<p>naturleg å ta med inn i eit arbeid med ein evt. ny reguleringsplan for området. Gjeldande reguleringsplanar for området er frå 90-tallet og har behov for oppgradering. Rådmann vil likevel tilrå at jordlova §§ 9 og 12 skal framleis gjelde for areal satt av til idrettsanlegg i Ål skisenter.</p> <p>Føresegn om forbod mot andre typar idrettsanlegg enn alpinanlegg er ikkje ønskeleg da Slåttaheisen også er omfattet av arealformålet idrettsanlegg i definisjonen Ål skisenter i KPA.</p> <p>Rådmann tilrår at føresegn § 2.2.7 andre ledd supplerast med følgjande: «Nye bygg innanfor Ål skisenter må ikkje kome i konflikt med drift av alpinanlegget eller landbruksdrift.»</p> <p>4. Vegen er i dag ikkje satt av til idrettsanlegg med teikna inn i plankartet med ein juridisk linje for veg og er difor ivareteken.</p> <p>Rådmann tilrår at det omtala området på omlag 455 kvm endrast frå idrettsanlegg til LSE.</p> <p>Rådmann tilrår at områdenamn i plankart justerast til korrekt områdenamn som er IDR.</p>
--	--	---

	<p>Vi leier ut arealer til Ål Skisenter og har tomtefelt i heisområdet. Med bakgrunn i felles interesse av både alpint vinterstid og aktiv landbruksdrift i planområdet i årene som kommer oppfordrer vi med dette planmyndigheten til i større grad å imøtekomme våre forslag til endringer av arealdelen av kommuneplanen med tilhørende kart og planbestemmelser.</p>	<p>5. Område satt av til idrettsanlegg er ein vidareføring frå KDP for Primhovda og området er allereie avklart der, samt at området også er avklart i eldre reguleringsplanar. Det er difor ikkje krav om ny konsekvensutgreiing av området.</p>
<p>Bosset sameige og Buhovd sameige, datert 20.11.2023 Journalpost 222</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ber om at det ikkje gis unntak frå plankrav når det gjeld «mindre tiltak for friluftsliv» og ber difor om at «mindre tiltak for friluftsliv» fjernast frå dette føresegnet, § 1.3.1. 2. § 1.6 Byggjeforbod langs vassdrag: Ber om at det ikkje bli noko unntak for byggjeforbod langs vassdrag når det gjeld friluftsliv for alle eller unntak for mindre bygningar for friluftsliv for alle. Ber om at dette tas ut av føresegnet. Gjennomføring av tiltak for friluftsliv for alle kan vere ein ulempe for landbruk, fiske, dyreliv og fugleliv. I PBL § 1.8 står det at byggjeforbodet i 100 metersbeltet ikkje gjeld naudsynte bygningar for landbruk og fiske. Oppsetting av bygningar for friluftsliv kan hindre plassering av naudsynte bygg for landbruk og fiske. Det står i § PBL 1.8 at det skal tas omsyn til friluftslivet i 100 metersbeltet, men det står ikkje at det er unntak frå byggjeforbodet for friluftslivet i 100 metersbeltet. 3. § 2.3 Grønstruktur: Ber om at det blir eit plankrav innanfor grønstrukturområda for byggjetiltak etter plan- og bygningslova og tur- og sykkelstigar. Tur- og sykkelstigar har betydning for områda omkring og må sjåast i samheng med desse. Ein plan vil sikre at alle interessene blir ivareteke. 4. § 2.4.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde: Ber om at følgande føreseg blir teke ut: <i>«I område nytta til friluftsliv og rekreasjon er det tillate å legge til rette for allmenn tilgjenge. Turstigar og sykkelstigar kan etablerast på skånsam måte også innanfor 100 metersbeltet i vassdrag. Sjå § 1.6».</i> Tilgjengelegheit for allmennheita, sykkelstigar og turstigar kan ikkje kome foran alle andre 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Formålet med dette føresegnet er at det ikkje skal vere krav om tunge/dyre prosessar for å mindre tiltak for friluftsliv. Dette kan f.eks. vere mindre turstigar eller gapahukar. 2. Plan- og bygningslova § 1-8 opnar opp for at kommunen gjennom kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan kan fastsette ein anna byggjegrænse. For å sette opp mindre bygningar for friluftsliv så er man fortsatt avhengig av tillating frå grunneigar. Ein forventar at grunneigar har sjølv oversikt over kva bygg ein treng i framtida. 3. Formålet med føresegnet er at det ikkje skal vere krav om plan for å kunne etablere sykkel- og turstigar og bygg som er naudsynte for friområda. For å kunne gjennomføre tiltak så vil ein vere avhengig av tillating frå grunneigar. Rådmann ser like vel at ordlyden i § 2.3.1 tredje punktum er uheldig og tilrår difor at

	<p>interesser. Landbruksinteresser, beiteinteresser, forvaltning av fiskevann, biologisk mangfold og forholdet til vilt er også interesser som må vektleggjast innanfor landbruks-, natur og friluftsområdet.</p>	<p>det endrast til «Tur- og sykkelstigar kan etablerast på ein skånsam måte»</p> <p>4. Føresegn §2.4.1 fyrste ledd bokstav a, b, c og d gjeld også for §2.4.1 andre ledd og man har difor sikra at andre interesser er ivareteken.</p>
--	---	--